

Hjønnvåg etterlyser meir byggjegrunn

06.10.2010



Den første av dei 3 tomannsbustadane er under byggjing no. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Interessen for bustader, særleg for eldre, er så stor i Uskedalen at dagleg leiar i Uskedalen eigedom Johannes Hjønnvåg etterlyser ytterlegare sentrumsnær byggjegrunn. Han kan tenkja seg å satsa enda meir.

Hjønnvåg reknar med at alle dei 18 bueiningane som Hagetunet omfattar vil vera innflytta i mai neste år. 12 vil vera ferdige til jul. Han har stadig spørsmål om fleire nye bustader.

12 av einingane er i det eksisterende bukomplekset som delvis er eit restaureringsobjekt og også omfattar dei 4 bustadane bygt på grunnmuren etter veksthuset.

Innflyttinga skjer etappevis. 4 bustader vart innflytta tidlig i august og 4 skal innflyttast i månedsskiftet oktober/november.

Prosjektet ellers er også no kome eit viktig skritt videre igjennom med at reisinga av den første av dei tre tomannsbustadane starta for få dagar sidan etter grundig tomtearbeit.. Dei 6 leilegheitene får alle eit bruksareal på 91 kvadratmeter og det nederste av husa har garasjar.

Av Ola Matti Mathisen